



Arkivnr: 2014/543-38

Saksbehandlar: Ronny Skaar, Per Morten Ekerhovd, Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		

## Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar 2014

### Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Retningslinjer for ordninga vart vedteke av Kultur- og ressursutvalet 11.9.2012. Hovudføremålet er å bidra til etablering av kulturbygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verdi, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar.

Ordninga er ei fylkeskommunal tilskotsordning med statleg medverknad i form av spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Hordaland fylkeskommune har den samla forvaltning av ordninga, gjer vedtak om fordeling og utarbeider regionale retningslinjer i samsvar med regionale prioriteringar og statlege rammer for ordninga. Jfr Kulturdepartementet sine «Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2010» samt Rundskriv V-16N/2009.

Hordaland fylkeskommune har vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturbygg - ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidlar og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og statlege midlar. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltninga av spelemidlar til lokale bygg - ynskte å bidra til eit sterkare regionalt fokus ved å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Ei slik løysing gjorde det mogleg å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning og leggje til rette for ei styrka satsing på feltet.

I kongelig res. av 6. juni vart kr 125 044 230,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturbygg. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 9 983 602 ,- til vidare fordeling til kulturbygg – både lokale og regionale. Dette er kr 247 064,- mindre enn tildelt i 2013. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkel som justerer for folketal og areal på fylka, dvs. om lag det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker.

Fylkesrådmann foreslår å tildele kr 5 900 000,- til regionale kulturbygg frå spelemidlane. I budsjett for 2014 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 5 000 000,- til kulturbygg med regionale funksjonar og kr 3 400 000,- til Grieghallen. Samla beløp til fordeling til kulturbygg med regionale funksjonar 2014 er etter dette kr 7 500 000,-.

For 2014 er det 13 godkjente søknader med ein samla godkjent søknadssum på kr 88 140 000,-. Total kostnadssum for desse 13 søknadane er på 347 864 800,-. Fylkesrådmann ser av dette at det er eit stort behov for tilskotsordninga til kulturbygg med regionale funksjonar.

Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria.

## Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet vedtek følgjande fordeling av tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar over budsjettpost 10.400.780.00.14700:

	KOMMUNE	SØKER	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING 2014
1	Askøy	Herdla Fort utescene	444 000	310 000	Avslag
2	Askøy	Museum Veest - Nye Herdla Museum	9 000 000	3 000 000	700 000
3	Bergen	Museum Vest - Norges Fiskerimuseum	85 200 000	3 000 000	2 000 000
4	Bergen	Bergen Arkitekthøyskole	1 200 000	200 000	Avslag
5	Bergen	Bymuseet i Bergen - Gamle Bergen Museum	63 870 000	21 300 000	Avslag
6	Bergen	Bymuseet i Bergen - Bryggen Museum	52 130 000	8 500 000	Avslag
7	Bergen	Kode 4- Kunstmuseene i Bergen	600 000	400 000	400 000
8	Kvæm	Bergen og Hordaland Turlag - Breidablikk Turisthytte	970 000	320 000	Avslag
9	Kvæm	Messen Kunst og kultur i Ålvik	1 470 000	450 000	200 000
10	Radøy	Radøy Kunst Senter	1 020 000	360 000	200 000
11	Radøy	Museumssenteret i Hordaland/ Vestnorsk utvandringssenter	100 000 000	40 000 000	Avslag
12	Stord	Sunnhordland Museum	31 210 800	10 000 000	4 000 000
13	Sund	Nordsjøfartmuseet i Telavåg	750 000	300 000	Avslag
	<b>Totalt</b>		<b>347 864 800</b>	<b>88 140 000</b>	<b>7 500 000</b>

Johnny Stiansen  
fung fylkesrådmann

Anne Aune  
fung fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.07.2014

Retningslinjer for ordninga vart vedteke av Kultur- og ressursutvalet 11.09. 2012. Hovudføremålet er å bidra til etablering av kulturbygg med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Tiltaka må vere av ein slik art at det har regional verd, funksjonar og/eller nedslagsfelt og skal fungere som kulturelle møtestader. Tiltaka skal og stø opp under Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk nedfelt i regionale planar.

Hordaland fylkeskommune har den samla forvaltninga av ordninga, gjer vedtak om fordelinga og utarbeider regionale retningslinjer i samsvar med regionale prioriteringar og statlege rammer for ordninga. Jfr. mellom anna Kulturdepartementet sine *Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg 2010* samt *Rundskriv V-16N/2009*.

Frå retningslinjene kan nemnast:

- Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturvern tiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.
- Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper.
- Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Det vert kvart år meldt inn store behov for medverknad til finansiering av kulturarenaer. Hordaland fylkeskommune har difor vedteke to sjølvstendige tilskotsordningar for kulturbygg, ei lokal ordning som er fullfinansiert med spelemidlar og ei regional ordning som er finansiert av fylkeskommunale og statlege midlar. Bakgrunnen var at Hordaland - i tillegg til forvaltning av spelemidlar til lokale kulturbygg - ynska å bidra til eit sterkare regionalt fokus ved å prioritere prosjekt som kunne ivareta regionale funksjonar på feltet, og stø opp om regionale planar og prioriteringar. Ei slik løysing gjorde det mogleg å slå saman fylkeskommunale og statlege midlar til ei tilskotsordning og leggje til rette for ei styrka satsing på feltet.

I kongelig res. av 6. juni vert kr 125 044 230,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturbygg. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 9 983 602,- til vidare deling til kulturbygg – både lokale og regionale. Dette er kr 247 064,- mindre enn tildelt i 2013. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkel som justerer litt for folketal og areal på fylka, dvs. omtrent det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisorgrindte fylker.

Fylkesrådmann foreslår å tildele kr 5 900 000,- til regionale kulturbygg frå spelemidlane. I budsjett for 2014 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 5 000 000,- til kulturbygg med regionale funksjonar og kr 3 400 000,- til Grieghallen. Samla beløp til deling til kulturbygg med regionale funksjonar 2014 er etter dette kr 7 500 000,-.

Det er komen inn 14 søknadar innan fristen. Alle søknadar kan realitetshandsamas. Ein søknad frå Wrap vert trekt attende. Soleis vart det 13 søknadar å handsame

1. Herdla Fort - utescene
2. Museum Vest – Nye Herdla Museum
3. Museum Vest – Norges Fiskerimuseum
4. Bergen Arkitektthøyskole - Silokjelleren
5. Bymuseet i Bergen – Gamle Bergen Museum
6. Bymuseet i Bergen – Bryggens Museum
7. Kunstmuseene i Bergen – Kode 4
8. Bergen og Hordaland Turlag – Breidablikk Turisthytte
9. Messen Kunst og kultur i Ålvik
10. Radøy Kunst Senter
11. Museumssenteret i Hordaland – Vestnorsk utvandringssenter
12. Sunnhordland Museum
13. Nordsjøfartmuseet i Telavåg

**Fordeling:****Askøy kommune****1. Herdla Fort - utescene**

Askøy kommune søker om kr 310 000,- til fjellsikring og opparbeiding av inngangsparti til utescene ved Herdla Fort. Askøy kommune har i samarbeid med Museum Vest, Hordaland fylkeskommune, Bergen Og Omland Friluftsråd, lokale lag og organisasjonar samt Herdla kyrkje utvikla Herdla fort friluftsområde til å omfatte mange spennande friluftarenaer. I 2 år vert det no jobba med «krateret» som har lagt brakk. Dette vert ein stad der kommunen, lag og organisasjonar kan leie til eige arrangement. Det søkjast om tilskot til sikring av fjellet som sluttar om krateret. Kostnad på kr 444 000,-

**Vurdering:** Utescene har meir lokale funksjonar enn regionale. Fylkesrådmann tilrår ikkje støtta da det er mange aktørar med store regionale funksjonar som søker om tilskot.

**Tilråding: Avslag**

**2. Museum Vest – Nye Herdla Museum**

Askøy kommune søker om kr 3 000 000,- til Nye Herdla Museum. Frå 2010 har museet vore etablert på Herdla fort med eige utstilling i det gamle mobiliseringslager til forsvaret. Hovudattraksjon er det tyske jagerflyet «Gul-16», men museet disponerer og eit lokale for skiftande utstillingar og har ansvar for det freda torpedobatteriet som er lokalisert på fortsområdet. Både publikumsutvikling og rasjonell drift tilseier at museet bør samle all si aktivitet på Herdla fort. Det nye bygget er skissert til 360 kvm med kafe/informasjon, utstillingsareal, serviceareal og andre funksjonar for museum. Kostnad på kr 9 000 000,-

**Vurdering:** Dette er eit viktig tiltak for å samle all aktivitet på Herdla fort, saknar likevel ein overordna plan for heile området. Fylkesrådmannen tilrår ei delvis støtte.

**Tilråding: Tilskot på kr 700 000,-**

**Bergen kommune****3. Museum Vest – Norges Fiskerimuseum**

Museum Vest søker om tilskot på kr 3 000 000,- til Norges Fiskerimuseum sine nye publikumsareal i Sandviksboder 23 A/B og 24. Fekk tilskot på 4 000 000,- i 2013. Prosjektet som heilskap er ikkje ferdig finansiert. Ein ytterlegare styrking av fasilitetar og utstillingar i bygget vil vere eit vesentleg bidrag til å styrkje Norges Fiskerimuseum som breitt anlagt kulturbygg. Kostnadssum på kr 85 000 000,-.

**Vurdering:** Historia til Norges fiskerimuseum går tilbake til 1880, og gjer dette til det eldste museet i Noreg spesielt retta inn mot fiskerinæringa. Ut i frå historia, samfunnsutviklinga og museumsutviklinga er kystkultur er eit av fire prioritert fagtema i Hordaland Fylkeskommune sin museumspolitikk. Fiske har alltid vore ei viktig næring for norsk økonomi, både i høve sysselsetting, forbruk innanlands, og ikkje minst som eksportnæring. Mange viktige innovasjonar har sitt utspring langs Vestlandskysten. Det er ei særskilt viktig satsing Museum Vest no planlegg. Den bidreg til at næringa si historie og samtid får auka fokus og forståing. Fylkesrådmann tilrår å støtte prosjektet vidare.

**Tilråding: Tilskot på kr 2 000 000,-**

**4. Bergen Arkitekthøyskole (BAS) - Silokjelleren**

BAS søker om kr 200 000,- for tilrettelegging av spesiallokale for kunst og kultur, eit fleirbrukslokale for scenekunst, konsertar, produksjonar, formidling og utstillingar. Silokjelleren ved BAS er et potensielt unikt visningsrom for kunst med ekstraordinære arkitektoniske og akustiske kvaliteter som ikkje har sitt sidestykke i regionen. Det er eit rått industrilokale med kraftige betongsøyler og høye silokammer som gir en lang etterklangtid. BAS ynskjer at Silokjelleren skal verte ein regional tverrfagleg arena for rombasert kunstnerisk nytenking, med spesiell vekt på arkitektur, romsinstallasjon, lyd- og lys-kunst samt interaksjon mellom disse. Funksjon er å bidra til relasjonar på tvers av ulike fagområder mellom institusjonar, kunstnarar og kunstnargrupper. BAS søkjar midlar for å leggje til rette med rullestolheis og rømmingsveg, samt leggja til rette brukbarheten for elektrisitet og lyd. Kostnad på kr 1 200 000,-

**Vurdering:** Fylkesrådmannen vurderer dette til å høre meir under lokale kulturbygg enn kulturbygg med regionale funksjonar. BAS har og søkt om tilskot på lokale kulturbygg.

**Tilråding: Avslag**

**5. Bymuseet i Bergen – Gamle Bergen Museum**

Bymuseet søker om tilskot på kr 21 300 000,- til nytt publikumsbygg og visningssenter. I dag nyttar Gamle Bergen Museum seg av eit lite og antikvarisk bygg på 100 kvm som publikumsmottak. Dei ynskjer å auke frå 25 000 til 100 000 besøkande. For å få til dette må dei leggje om formidlingstilbod, utvide opningstilbod og ha heilårstilbod, samt forbetre infrastruktur. Bygget som dei ynskjer reist, skal ha publikumsmottak, introduksjonsutstilling og møteplassfunksjon i fase 1. Kostnad på kr 63 870 000,-.

**Vurdering:** Stort og viktig tiltak som stat, fylkeskommune og kommune må finne eigen strategi for. Det er ikkje rom for tilskot i denne storleik frå kulturbygg med regionale funksjonar. Tiltak i denne storleik krev dialog på førehand mellom forvaltningsnivå. Fylkesrådmannen tilrår avslag på søknad.

**Tilråding: Avslag**

### **6. Bymuseet i Bergen – Bryggens Museum**

Bymuseet søker om kr 8 500 000,- i tilskot til ny basisutstilling. På Bryggens Museum formidlast middelalder historie og arkeologisk forskning gjennom utstillingar og aktivitetar. Bryggen Museum skal vere kulturattraksjon og kunnskapsformidlar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Dei har og ansvar for formidling av en del av verdens felles kulturarv som ein del av Unesco World Heritage Site. Bryggen Museum må oppdatere sine faste utstillingar, samt oppgradere alle fasilitetar og infrastruktur for mottak av publikum. Målet er å auke besøkstallene med 50%, fornye formidlingsaktiviteten og auke egeninntjening. Kostnad på kr 52 130 000,-.

**Vurdering:** Etter retningsliner frå Kulturdepartementet kan tilskot nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning. Fylkesrådmann finn ikkje at basisutstillingar inngår i dette.

**Tilråding: Avslag**

### **7. Kunstmuseene i Bergen – Kode 4 (Lysverkbygget)**

KODE søker om tilskot på kr 400 000,- til nytt inngangsparti ved KODE 4. Mål med prosjektet er universell utforming og auka synlegheit og tilgjenge gjennom ein meir inviterande og open bygning. I dag er KODE 4 ikkje tilgjengelig for dei som treng ein spesiell tilpassing. Det gjeld alt frå barnevogn og rullestol, til dei som er litt svak i armane, dei som brukar stokk osv. Museet er lite synleg, publikum kan ikkje sjå på avstand kor det er inngang.

**Vurdering:** KODE er eit av dei største og viktigaste kunstmuseum i vår region. Nytt inngangsparti er ei viktig oppgradering for publikums møte med museet. Fylkesrådmann tilrår å støtte dette.

**Tilråding: kr 400 000,-**

### **Kvam herad**

#### **8. Bergen og Hordaland Turlag – Breidablikk Turisthytte**

Bergen og Hordaland Turlag søker om tilskot på kr 320 000,- til kjøp og etablering av turisthytte, oppgradering for å vere eigna og tole auka/allmenn bruk – toalett, overnatting, oppvarming, brannsikring osv.

**Vurdering:** Etter retningsliner frå Kulturdepartementet skal ordninga bidra til etablering av lokale, arenaer, uteanlegg og liknande tiltak med regionale funksjonar for produksjon, utøving og formidling av kunst og kultur. Fylkesrådmann finn at tiltaket fall utanfor retningslinene.

**Tilråding: Avslag**

### **9. Messen Kunst og kultur i Ålvik**

Stiftinga Messen Kunst og Kulturhus Ålvik søker om tilskot på kr 450 000,- til oppgradering og investeringar av bygget (stort og gammalt) for utleige iht vedtektene. Kunstnarhuset Messen står for drift av huset med arbeidsplassar for gjestekunstnarar, kunstnarpresentasjonar, konsertar, tilbod for barn, ungdom og skuleklassar. Huset vert og nytta som møteplass for kunstnarar i regionen. Dei driv og med arbeidstove for barn og ungdom innan handarbeid og hobby. Huset treng rehabilitering av det elektriske anlegg, skifting av golv med råte, skifting av dør/vindaugo, byggje eit ekstra bad. Kostnad på kr 1 470 000,-

**Vurdering:** Messen fekk kr 1 000 000 til kjøp av bygget i 2012. Hordaland fylkeskomme er inne med noko driftsstøtte. Det er naturleg å fylje opp med tilskot til oppgradering av dette store bygget.

**Tilråding: kr 200 000,-**

### **Radøy**

#### **9. Radøy Kunst Senter**

Radøy Kunst Senter søker om kr 360 000,- til bygging av enkelt grindbygg og noko oppgradering. Radøy Kunst Senter treng ekstra grindbygg som ekstra gjesteverkstader for profesjonelle kunstnare. Dei treng og oppgradering av utstillingslokale og publikumsmottak. Kostnad på kr 1 020 000,-

**Vurdering:** Radøy Kunst Senter har eksistert i mange år og er ein viktig arena utanfor byen for kunstnarar. Radøy Kunst Senter treng oppgradering, og fylkesrådmann støttar tiltaket.

**Tilråding: kr 200 000,-**

### **10. Museumssenteret i Hordaland – Vestnorsk utvandringssenter**

Museumssenteret i Hordaland søker om tilskot på kr 40 000 000,- til museumsbygg/fellesmagasin. Dei søker om museumsbygg for avdelinga Vestnorsk utvandringssenter og fellesmagasin for regionen Nordhordland. Vestnorsk utvandringssenter arbeidar aktivt for å utviklast vidare som senter for migrasjon og kultur møteproblematikk i eit breiare perspektiv, og for å bli ein del av det regionale ansvarsmuseet i regionen. Museet skal utviklast som eit regionalt og nasjonalt migrasjonssenter, og bidra til det regionale behovet for samlingsforvaltning gjennom eit nytt museumsbygg med magasin. Nordhordland har gjennom fleir år meldt behov om eit eige magasin for gjenstandar i regionene. Magasinet vil samlokaliseras med nytt museumsbygg for utvandringssenteret, som med eit nybygg vil få dekkja behovet for betre fysiske rammevilkår – både med tanke på formidling, fasilitetar for publikum, arbeidsforhold for tilsette, eige magasinbehov og for å styrke det regionale samarbeid. Kostnad kr 100 000 000,-.

**Vurdering:** Forvaltar lokal utvandringshistorie siste del av 1800 og fyrste del av 1900 talet. Utvikling av fellesmagasin bør sjåast i samband med forvaltningsplan for Hordaland. Fylkesrådmann tilrår ikkje støtte til dette tiltak.

**Tilråding: Avslag**

### **Stord kommune**

#### **11. Sunnhordland Museum**

Sunnhordland Museum søker om tilskot til modernisering/ombygging av dagens bygningsmasse. Bygningane er tydeleg prega av forfall og slitasje og har store manglar. Bygningane er tungvinte i bruk og lite eigna til drift av eit offentleg museum. Det er og lite publikumsvennleg museumsdrift. Mange av bygningane må totalrehabiliterast. Kostnad på kr 31 210 800,-

**Vurdering:** Sunnhordland Museum treng eit vesentleg løft. Sunnhordland Museum representerer eit viktig regionalt tiltak der behovet er presserande. Magasin og samlingar har utfordringar knytt til vasslekkasjar, maur, temperatursvingingar og ventilasjon. Det er totalt 8 forskjellig fysiske nivå i museet. Det manglar universell utforming i administrasjonsbygg og publikumsmottakinga. Og det er generell låg standard på museet, noe som avgrensar aktivitetane. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjekt.

**Tilråding: kr 4 000 000,-**

### **Sund kommune**

#### **12. Nordsjøfartmuseet i Telavåg**

Nordsjøfartmuseet søker om kr 300 000,- i tilskot til oppgradering. Nordsjøfartmuseet er eit godt etablert museum innanfor krigs- og okkupasjonsfeltet i Hordaland. Elevar frå heile Hordaland vitjar museet årleg. Museet er og eit av fyrstarna i turistsatsinga til regionen, og har til dømes avtale med eit internasjonalt reiseselskap som gjestar dei med turistar frå alle verdsdelar. Artistar med nasjonalt ry held konsertar her, frivillige organisasjonar nyttar huset i ulike høve. Krava til museumsdrift og vektlegging av innsatsområde har enda seg i løpet av 15 år. Difor er det behov for ei oppgradering av kafeen og museumsbutikken. Kostnad kr 750 000,-

**Vurdering:** Tiltak har meir preg av drift og vedlikehald og fall utanfor tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Fylkesrådmann tilrår ikkje støtte.

**Tilråding: Avslag**